



Strategisk næringsplan 2025 - 2029



Innhold

Innhold 1	
Kva er ein strategisk næringsplan ?.....	2
1.1 Overordna mål	2
1.2 Satsingsområde	2
2 Eidfjord kommune som næringsvennleg kommune.....	3
2.1 Historikk, medverknad og kunnskapsgrunnlag	3
2.2 Strategisk næringsplan – tilhøve til planar og tiltak	5
3 Tiltak og handlingsplan	5

Kva er ein strategisk næringsplan ?

Ein strategisk næringsplan skal vera eit styringsverktøy for å ivareta og fremje næringsutvikling i kommunen. Planen skal gje ein samla retning for korleis ein legg til rette for verdiskaping, arbeidsplassar og berekraftig utvikling i næringslivet. Planen skal syna satsingsområdet og tiltak som skal sikra gode rammevilkår for næringslivet

For å sikre relevans og samanheng med endringar i næringsutviklinga og samfunnsutviklinga elles, bør den strategiske næringsplanen gjennomgåast årleg. Ei slik rullering gjer det mogleg å vurdere og justere satsingsområde og tiltak i tråd med nye utfordringar, moglegheiter og dreiningar innan næringslivet og samfunnet generelt.

1.1 Overordna mål

Eidfjord kommune er ein av Noregs største kraftkommunar, men har samstundes ei etablert verdiskaping kring reiseliv, cruiseturisme og fritidsbustadbygging. Dette er reflektert i kommunen sitt overordna planverk gjennom kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel. Planverket legg dei overordna retningslinene for den strategiske næringsplanen. Det er viktig at planverket trekkjer i same retning, og at mål og tiltak i næringsplanen utfyller og forsterkar overordna prioriteringar.

Kommuneplanen sin samfunnsdel har tre hovudsatsingsområde:

- Bukommunen
- Opplevings- og besøkskommunen
- Arbeidskommunen

Fokusområda opnar for attraktive og fortetta sentrumsområde, auka variert bustadmasse og aktivitet i skuldersesongen. Samfunnsdelen ynskjer å leggja til rette for eit aktivt og attraktivt Eidfjord, med aktivitet gjennom heile året. Eidfjord kommune legg til rette for næringsutvikling gjennom å setja av eigna areal til næringsformål i kommuneplanen sin arealdel. Dette viser at me er ein næringsvennleg kommune som ønskjer å skape attraktive vilkår for både eksisterande og nye verksemdar.

Kommuneplanen sin arealdel er under rullering. Denne skal gje dei overordna linene i arealdisponeringa i kommunen. Gjennom arealdelen vil ein gjera grep for å sikra ei god utvikling av sentrumsområda i Eidfjord, som ein kan taka vidare i naudsynte prosessar. Kommuneplanen vil og leggja føringar for vegnett og infrastruktur i kommunen, samt definera tilhøva for næringsutvikling i Simadal og Sysendalen.

1.2 Satsingsområde

Gjennom dei overordna måla i planverket har ein definert seks satsingsområdet:

1. Fleire heilårsarbeidsplassar
2. Styrke opplevelsesbasert næring
3. Attraktive og levande sentrumsområde
4. Auka tilgang på bustader
5. Næringssatsing i Simadal
6. Landbruk som reiselivsprodukt og beredskap

2 Eidfjord kommune som næringsvennleg kommune

Eidfjord kommune ynskjer å vera ein næringsvennleg kommune, samstundes som ein skal etterfølgje lovar, forskrifter, økonomiske rammer og vedtak.

Eidfjord kommune ynskjer å vera ein næringsvennleg kommune gjennom å:

Nytta den strategiske næringsplanen aktivt, og sørgja for jamleg rullering av både plan og tiltak.

Utføra grundig planarbeid og sakshandsaming.

Sikra politisk og administrativ forankring av plan og tiltak.

Tilby profesjonell rådgjeving og rettleiing til næringsaktørar.

Vidareutvikla samarbeid og dialog med Hardanger og Voss Næringshage,

Etableringssenteret i Bergen og Invest in Vestland

Bidra til, og samstundes dra nytte av, regionalt samarbeid.

Ha tett og lyttande dialog med næringslivet.

Tilby økonomiske støtteordningar.

Leggja til rette for offentleg og privat tilgang til næringsareal og forretningsareal gjennom kommuneplanen sin arealdel.

2.1 Historikk, medverknad og kunnskapsgrunnlag

Eidfjord kommune har over fleire år arbeidd målretta for å få på plass ein strategisk næringsplan. Det vart etablert ei politisk arbeidsgruppe for å følgje opp arbeidet, og kommunen har henta inn ekstern fagleg bistand frå Hardanger og Voss Næringshage.

I arbeidet med planen er det gjennomført ei rekkje medverknadsprosessar, inkludert gruppemøte, Workshop og spørjeundersøkingar retta mot både næringslivet og eigarar av fritidsbustader (*hyttefolk*). Desse prosessane har gitt verdifulle innspel til status og behov innan næringsutvikling i kommunen.

På eit seinare tidspunkt vart Menon Economics engasjert for å gjennomføre ei økonomisk verdiskapingsanalyse av ulike segment innan reiselivsnæringa. Menon har utarbeidd eit kunnskapsgrunnlag for det vidare planarbeidet, og gjennomført både workshop med næringslivet og Eidfjord kommunestyre, samt ei eiga spørjeundersøking retta mot næringslivet.

Det samla arbeidet har resultert i konkrete analysar, rapportar og eit oppdatert kunnskapsgrunnlag som dannar grunnlaget for den strategiske næringsplanen, med særleg vekt på tiltak og prioriteringar framover.

Følgjande rapportar bør lesast som kunnskapsgrunnlag til planen:

Hardanger og Voss næringshage: *Kunnskapsgrunnlag for vidare arbeid med stratgisk næringsplan 2023*

Menon Economics (2025): *Innspel til strategisk næringsplan for Eidfjord kommune* (rapport nr. 56)

Vestlandsforskning: *Kunnskapsgrunnlag for tolegrenseanalyse av Eidfjord kommunesenter*
Asplan Viak: *Berekraftanalyse for sysendalen 2025*

1. [Planforslag kommunen sin arealdel 2025](#)

Rapportane er utarbeidde i tett dialog med næringslivsaktørar, folkevalde og andre sentrale interessentar i Eidfjord, og representerer eit breitt forankra grunnlag for planarbeidet.

2.2 Strategisk næringsplan – tilhøve til planar og tiltak

Den strategiske næringsplanen skal vera forankra i, og koordinert med, øvrige kommunale planar og førande dokument. Samfunnsdelen er den overordna planen og skal ligge til grunn for alle andre planar og vil vera eit viktig dokument for kva ein skal ha fokus på. Planstrategien skal seie noko om kva som er satsingsområde for valperioden og kva planar som skal rullerast i same periode eller kva nye planar ein treng. For strategisk næringsplan vil særleg besøksforvaltingsplanen og trafikksikringsplanen, som har direkte verknad på tilrettelegging for næringsverksemd, reiseliv og transportinfrastruktur. I tillegg skal strategisk næringsplan ta omsyn til framtidige parkeringsføresegner, rettleiar og forskrifter for skilt og reklame og kommunen si designmanual, som er viktige verkemiddel for å sikre eit heilskapleg og attraktivt tettstadsmiljø.

Ei slik heilskapleg tilnærming skal sikre at næringsplanen er i tråd med kommunen sine overordna mål, og at utviklingstiltak vert sett i samanheng på tvers av sektorar og fagområde.

3 Tiltak og handlingsplan

For å nå dei overordna måla og oppfylle satsingsområda så må handling og tiltak planleggjast, brytast ned, koordinerast og følgjast opp. Tiltak og handlingar vil og ha ulik grad av medverknad, ansvar og økonomisk betydning for kommunen, næringsliv og andre aktørar.

1. Fleire heilårsarbeidsplassar

Fleire heilårsarbeidsplassar er eit samansett utfordringsbilde, Menon Economic sin rapport¹ syner til fleire prioriteringar som må følgjast opp på eit overordna nivå, samstundes som ein finn konkrete tiltak som kan følgjast opp og gjennomførast.

Overordna prioriteringar for satsingsområdet:

- Tettare samarbeid og koordinering mellom aktørar sjølv, og kommunen
- Strategisk destinasjonsutvikling
- Heilårsveg over Hardangervidda
- Oppretthalde og utvikla dagens tilbod i skuldersesong og vintersesong
- Godt kollektivtilbod
- Tilgjengeleg Nærings og forretningsareal

Tiltak	Kommentar	Ansvar	Tids-horisont	Økonomisk verknad
Oppretthalde støtte og satsing gjennom Hardangervidda-tunnelane as	Aktivt arbeide for realisering av tunnelar over Hardangervidda gjennom Hardangerviddatunnelane as	Politisk	Løypande	Årleg budsjettvedtak
Besøksforvaltings-leiing	Opprette og starte arbeid i arbeidsgruppe som samordnar besøksforvaltning. Medlemmer frå ulike interessentar .	Rådmann	2025 – 2029	Eigeninnsats

Prisstruktur på cruiseanløp	Utgreie prisstruktur for hamneavgifter/cruiseanløp med tanke på vriding av sesong	Visit Eidfjord KF	Løypande	Årleg budsjettvedtak
--------------------------------	--	----------------------	----------	-------------------------

¹ Menon Economis (2025) *Innspeil til strategisk næringsplan for Eidfjord kommune* (nr. 56).

Aktiv påverking av kollektivtilbod veg og fjord	Påverknadsarbeid ovanfor Fylkeskommune, Norled, Skyss og andre aktørar	Politisk, rådmann, Hardangerrådet, Visit Hardangerfjord m. fleire	Løypande	Eigeninnsats
Felles administrativ samarbeids-plattform	Administrativ plattform som besøksforvaltingsleing med mål om samskaping for felles utfordringar og moglegheiter. EK og VE som samhandlar m.a. med forvalting og forskrifter.	Rådmann Visit Eidfjord KF	2025 – 2029	Eigeninnsats
Samarbeidsfora for og med bedrifter	Møteplassar for næringslivet for nettverksbygging, samarbeidsforum, kompetanseheving og kursing	Rådmann Etableringsse nteret i Bergen	2025 – 2029	Eigeninnsats
Tilgjengeleg næringsareal og forettningsareal	Tilgjengliggjere privat og offentleg næringsareal og forettningsareal.	Eigarar av næringsareal	Løypande	Uviss

2. Styrke opplevelsesbasert næring

Opplevingar og tilbod er avhengig av lokalt næringsliv, og rammene for lokalt og eksternt næringsliv. Kommunen kan ikkje sjølv utvikla opplevingsbasert næring, men kan leggja til rette og vera aktiv samarbeidspart politisk og administrativt.

Overordna prioriteringar for satsingsområdet:

- Løfte eksisterande tilbod
- Utvikling av supplerande tilbod
- Utvikle naudsynt kunnskapsgrunnlag
- Auka profesjonalitet

Tiltak	Kommentar	Ansvar	Tids-horisont	Økonomisk verknad
Marknadsføring og profilering	Kommune og VE/VH med fokus på å fremja informasjon i sine kanalar	Visit Eidfjord KF/Visit Hardanger Rådmann	2025 – 2029	Eigeninnsats
Arbeidsgruppe for å koordinere satsing og informasjon knytt til produktutvikling og pakketering	Book Hardanger, Visit EidfjordKF, Rådmann, næringsliv og næringshage	Rådmann Visit Eidfjord KF Book Hardanger	2025 – 2029	Eigeninnsats
Kartlegging av potensielle nye tilbod	Kartlegge kva nye tilbod ein kan/bør satsa på via gjesteundersøkingar	Visit Eidfjord KF Book Hardanger	2026	Eigeninnsats

Faste samarbeidsforum med SVV og VLFK i høve veg	Sikte på faste møter med SVV og VLFK i høve trafikkflyt, kollektiv, planar og utfordringar	Rådmann	2025 – 2029	Eigeninnsats
Oppretthalde eigarskap til bygningar i sentrum sikrar ein påverknad på stadskvalitetar	Forretningslokaler som ivaretar stedsqualiterer i sentrum.	Politisk Rådman n	Løypande	Uviss
Samarbeidsforum for auka økonomisk og sosial verdiskaping knytt til hyttegjester/fritidsbustad-besøkande	Auke næring og tenestetilbod samt kulturtilbod for å auka verdiskaping økonomisk og sosialt.	Rådmann Visit Eidfjord KF Sysendalen Skisenter AS Næringsdrivande	2025 – 2029	Eigeninnsats

3. Attraktive og levande sentrumsområde

Sentrumsutvikling er eit omfattande tema med mange interesser som skal ha eit samspel på det same arealet. Det er utfordrande å få eit godt samspel mellom trafikk, mjuke trafikantar, innbyggjarar, besøkande og næringsliv.

Overordna prioriteringar for satsingsområdet:

- Attraktivt sentrumsområde
- Betre og sikrare infrastruktur
- Oversiktleg og godt fungerande parkeringssituasjon
- God og lett tilgjengeleg informasjon på ulike språk
- God informasjon om og tilgang på offentlege toalett

Tiltak	Kommentar	Ansvar	Tidshorisont	Økonomisk verknad
Arbeidsgruppe for sentrum (AGSU)	Eiga politisk oppnemnt arbeidsgruppe med delegerte oppgåver	AGSU (politisk arbeidsgruppe for sentrumsutvikling)	2024 – 2027	Avhengig av vedtak
Moglegheitsstudie sentrum	Innleige av konsulentbistand for å kartlegge områder og moglege tiltak	AGSU	2025	250 000 (vedteke)
Designmanual	Sikre felles layout for design av skilt, dekke, materialbruk, møblering.	AGSU Rådmann	2026	300 000 (ikkje vedteke, budsjett 2026)
Tiltakspakke for sentrumsutvikling	Tiltakspakke basert på moglegheitsstudie.	AGSU Rådmann	Uviss	Uviss
Torg og sjøfront del 2	AGSU har mandat til å følgje opp planane for Torg og sjøfront del 2	AGSU Rådmann	Uviss	Uviss
Utvikling av Kjærøyna til m.a. parkering	KST har vedteke utvikling av Kjærøyna	Rådmann	2027	3,5 mill vedteke

Forskrifter for forvaltning av sentrum: Parkeringsforskrift Hamneforskrift Torgvedtekter	Arbeidsgruppe for forskriftene. Tiltak for å handtera aktivitet i sentrum.	Rådmannen Visit Eidfjord KF Politisk	2026-2027	Eigne og innleigde ressursar (ikkje vedteke)
Kaiutviding og landstraum	Tilrettelegging for berekraftig og framtidig utvikling av cruise	Visit Eidfjord KF Plug Eidfjord (under etablering) Rådmann	2025-2027	(Ikkje vedteke)
Rehabilitering og sikring av Sjøbua	Sikring av Sjøbua i Eidfjord sentrum	Rådmann AGSU	2025 – 2026	Del 1 av rehabilitering vedteke i 2025
Rehabilitering og vidare bruk av Sjøbua	Ivaretaking av Sjøbua i Eidfjord sentrum og plan for vidare bruk	Rådmann AGSU	2026 - 2029	Del 2 av rehabilitering ikkje vedteke

4. Auka tilgang på bustader

Eidfjord har til liks med andre kommunar i regionen opplevd eit auka press på bustader dei seinare åra. Spesielt i turistsesongen frå april – oktober er det særskild utfordrande med å skaffe bustad. Dette gjeld både fastbuande, sesongarbeidarar og andre som bur ein kortare periode. Den kritiske bustadsituasjonen er til hinder for auka tilflytting og auka verdiskaping i næringslivet.

Overordna prioriteringar for satsingsområdet:

- Utvikle og leggja tiltrette for tomteareal
- Fleire nye bustader av ulik type
- Gode og verknadsfulle incentivordningar for realisering av bustader

Tiltak	Kommentar	Ansvar	Tidshorisont	Økonomisk verknad
Bustadprosjekt i Kyrkjevegen	KST har vedteke bustadprosjekt i Kyrkjevegen i Eidfjord	Rådmann	2025 - 2027	3,5 – 7,5 mill, ikkje vedteke
Vidareutvikle incentivordningar	Har gode incentivordningar for bygging av husvære. Utreie korleis ein får fleire private tomter og hus ut på marknaden.	Rådmann	Løypande	Vedtekne retningslinjer
Bistå private initiativ knytt til bustadbygging	Næringsaktører som tar initiativ til å byggje bustader	Rådmann	Løypande	Eigeninnsats
Utvikle bustadtomter	Auka antal bustader til utleige og sal	Rådmann	Framtidig bustadprosjekt	Uviss
Marknadsføre kommunale tomter i alle deler av kommunen	Setje fokus på eksisterande moglegheiter knytt til bustadbygging	D&F/KNB	Løypande	Eigeninnsats

5. Næringssatsing i Simadal

Simadal næringsområde har eit uutnytta potensiale i høve tilgjengeleg areal, kai og kraft. Det er fleire interessentar men og mange konkurrentar i høve næringsetablering. Kva ein kan og bør satsa på i Simadal er opp til folkevalde og dei ulike interessentane.

Overordna prioriteringar for satsingsområdet:

- Tilrettelegging av veg til Simadal
- Kunnskap om naturressursar
- Kunnskap om aktuelle næringar

Tiltak	Kommentar	Ansvar	Tidshorisont	Økonomisk verknad
Kartlegging naturressursar i Simadal	KST vedtak – utgreia naturressursar for vidare etablering og utvikling	Rådmann	2026	500.000
Marknadsdialog	Vidareutvikla pågåande samarbeid med Invest in Vestland	Rådmann	Løypande	Eigeninnsats
Tilgang på energi for kraftkrevjande industri	Løypande dialog med Energiselskapet Hardanger, Statnett og med aktuelle investorar o.l.	Rådman n Invest in Vestland	2025 – 2029	Eigeninnsats
Tilrettelagd næringsareal for arbeidsintensive verksemdar med lokal forankring og avgrensa trong for kraft.	Regulera næringsområdet for etableringar	Rådmann	2025 – 2029	Uviss
Infrastruktur som veg, bruer, kai	Samarbeid med Statkraft og vegeigar knytt til beredskap og sikkerheit	Rådmann Politisk	2025 – 2029	Eigeninnsats

6. Landbruk som reiselivsprodukt og beredskap

Landbruket spelar ei avgjerande rolle innan fleire strategiske samfunnsområde, og bør løftas fram som ein nøkkelressurs i framtidig næringsutvikling. I eit beredskapsperspektiv bidreg norsk landbruk til auka sjølvforsyning og matsikkerheit, og utgjer ein viktig del av totalberedskapen.

I møte med klimaendringar, aukande ekstremvêr, flaum og ras er eit robust og tilpassingsdyktig landbruk avgjerande for å tryggje både matproduksjon og berekraftig arealforvaltning. Samstundes gir gardsreiseliv nye moglegheiter for verdiskaping, busetjing og formidling der matproduksjon, reiseliv og lokal kultur vert fletta saman i opplevingar. Dette styrker økonomien i landbruket, og vil gje auka kunnskap hos forbrukarane. Ei heilskapleg satsing på landbruket gir gevinstar utover maten. Det styrkjer samfunnet si motstandskraft, berekraft og tiltrekkingskraft. I dag er det 18 gardsbruk som søker produksjonstilskot og det er registrerte 37 enkeltmannsføretak knytt til jordbruk og skogbruk.

Overordna prioriteringar for satsingsområdet:

- Tilrettelegging for landbruk og reiseliv i kombinasjon
- Tilrettelegging for landbruk og velferdstjenester
- Støtte til klimatilpassa driftsforma og jordvern
- Kunnskapsutvikling regenerativt landbruk og naturbaserte løysingar
- Tilrettelegging for andelsjordbruk og formidling om sjølvforsyning
- Kompetanseheving om berekraftig og kriserobust drift
- Styrke samarbeid mellom landbruksaktørar

Forslaga som er lagt inn i tabellen kan samanfalle med eksisterande tiltak i lokale og regionale satsingsområdet innanfor landbruk.

Tiltak	Kommentar	Ansvar	Tids- horis- ont	Økonomis- k verknad
Tilrettelegging for landbruk og reiseliv i kombinasjon	Støtte prosjekter som kombinerer tradisjonell matproduksjon med reiselivs aktiviteter t.d. gardsbesøk, lokalmat-servering, opplevingar og overnattingar	Rådmann	2025 – 2029	Uviss
Støtte til klimatilpassa driftsform og jordvern	Samarbeide med regionale myndigheiter om kurs og kompetanse	Rådmann	2025 – 2029	Uviss
Tilrettelegge for gardsbruk og velferdstenester	Støtte prosjekter som ynskjer å driva gardsbruket sitt retta mot velferdstenester	Rådmann	2025 – 2029	Uviss
Tilrettelegge for andelsjordbruk/marknads hage og formidling om sjølvforsyning	Kurs/foredrag knytt til interessegrupper	Eksterne	2025 – 2029	Uviss
Kompetanseheving om berekraftig og kriserobust drift	Rådgjevingspakke for klimatilpassing og beredskap	Rådmann Fylkes- kommune Statsforvaltar	2025 – 2029	Uviss
Kunnskapsutvikling regenerativt landbruk og naturbaserte løysingar	Støtte tiltak gjennom auka kompetanse på området og rettleie i forhold til regionale og nasjonale satsingar innanfor fagfelte	Rådman n Regional e instansar	2025 – 2029	Uviss
Samarbeidsmøte/ nettverk med aktørar for å auka kompetansen innanfor tiltaksområda	Skape nettverk mellom aktørar som ønsker å auka kompetanse og kunnskap. Nettverk mellom kommunar.	Private Rådmann	2025 – 2029	Eigeninnsats
Rullering av eksisterande tilskotsordningar innanfor landbruk	Eksisterande tilskotsordningar til landbruket i Eidfjord kommune trengs rullering. Dei kan sjåast i samanheng med nærinstøtte	Rådmann	2025 – 2029	Interne resursar

Ein næringsvenleg kommune med mål om å vera ein attraktiv bu, arbeids og besøkskommune.

Gjennom målretta tiltak og auka samarbeid med fokus på attraktive sentrumsområder, tilgjengelege bustadar, fleire arbeidsplassar og auke i næringsetableringar



Tiltak (Hvordan)	Kaiutviding og landstraum				Samarbeidsmøter/nettverk med fokus på landbruk	
	Forskrifter og regulering av sentrum		Tilgjengeleg næring og forretningsareal		Rullering av eksisterande tilskotsordningar innanfor landbruk	
	Designmanual		Samarbeidsfora for og med bedrifter		Kunnskapsutvikling regenerativt landbruk og naturbaserte løysingar	Arbeidsgruppe knytt til produktutvikling og pakketering
	Kjerøyna - utvikling og ferdigstilling		Felles samarbeidsplattformer	Infrastruktur - veg, bru og kai		Marknadsføring og profilering
	Torg og sjøfront del 2	Marknadsføring av ledig tomteareal	Aktiv påverknings i høve kollektivtilbod veg og fjord		Kompetanseheving om berekraftig og kriserobust drift	Samarbeidsfora SVV og VFK i høve veg
	Tiltakspakke for sentrumsutvikling	Bistå private initiativ knytt til bustadbygging	Prisstruktur på cruiseanløp	Tilretteleggja næringsareal for arbeidsintensive verkdsender	Tilrettelegga for gardsbruk og velferdstenester	Kartlegging av potensiale nye tilbod
	Moglegheitsstudie sentrum	Vidareutvikling av incentivordningar	Arbeidsgruppe for destinasjonsutvikling	Energitilgang for kraftkrevjande industri	Støtte til klimatilpassa driftsform og jordvern	Samarbeidsforum knytt til hyttegjester/fritidsbustad-besøkande
	Rehabilitering og vidare bruk av Sjøbua	Utvikle bustadtomter	Besøksforvaltningsleiing	Marknadsdialog	Tilrettelegga for andelsjordbruk, marknadshage og sjølvforsyning	Oppretthalde eigarskap til bygningar i sentrum sikrar ein påverknad på stadskvalitetar
	Arbeidsgruppe for sentrumsutvikling	Bustadprosjekt i Kyrkjevegen	Oppretthalde støtte til Hardangerviddatunnelane as	Kartlegging av naturressursar i Simadal	Tilrettelegga for Landbruk og reiseliv i kombinasjon	
Overordna tiltak	Attraktivt sentrumsområde	Tilgjengeleg tomteareal	Tettare samarbeid	Tilrettelegging av veg	Landbruk og reiseliv i kombinasjon	Løfta eksisterande tilbod
	Betre og sikrare trafikkflyt	Boligar av ulike typar	Destinasjonsutvikling	Kunnskapsbasert utvikling	Utvikling av fremtidsretta kompetanse	Utvikla supplerande tilbod
	Godt fungerande parkering	Inventivordningar som vert nytta	Oppretthalde dagens tilbod	Kunnskap om næringar	Styrka samarbeid og nettverk	Utvikla kunnskapsgrunnlag
	Tilgjengeleg informasjon		Kollektivtilbod og opne vegar	Tilgjengeleg areal	Profilering av opplevingar	Auka profesjonalitet
Satsings områder	Attraktive og levande sentrumsområder	Auka tilgang på bustader	Fleire heilårs arbeidsplassar	Næringsseting i Simadal	Landbruk som reiselivsprodukt og beredskap	Styrka opplevelsesbasert næring
Overordna mål	Bukommunen		Arbeidskommunen		Opplevings og besøkskommunen	